



**VELKOMEN  
TIL  
BARNEHAGEN**



**Informasjon om barnehagane i Ål  
kommune**

Revidert mars 2010



**I dette heftet er det samla ein del informasjon som kan vere nyttig når barnet dykkar har fått tildelt barnehageplass.**

## **LOV OM BARNEHAGAR**

*Lov om barnehagar er grunnleggjande for drifta av verksemda. Ein barnehage er ei pedagogisk tilrettelagt verksemd for barn i alderen 0-6 år. Vidare fylgjer utdrag av lova:*

### **§ 1. Formål**

*Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem. Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier. Eiere av private*

*barnehager kan i vedtektene bestemme at andre ledd ikke skal gjelde. Private barnehager og barnehager eiet eller drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlige bestemmelser om livssynsformål.*

### **§ 2. Barnehagens innhold**

*Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal bistå hjemmene i deres omsorgs- og oppdrageroppgaver, og på den måten skape et godt grunnlag for barnas utvikling, livslange læring og aktive deltakelse i et demokratisk samfunn. Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser. Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur. Barnehagen skal gi barn grunnleggende*

*kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap. Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.*

### **§ 3. Barns rett til medvirkning**

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og*

*vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*

## **RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN**

Rammeplanen er ein forskrift til Lov om barnehagar og gjev retningslinjer for innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen slår fast at innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, lek og læring er sentrale element. I tillegg vektlegg rammeplanen sosial og språkleg kompetanse, samt sju fagområder som viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø. Dei sju fagområda er:

- kommunikasjon, språk og tekst
- kropp, bevegelse og helse
- kunst, kultur og kreativitet
- natur, miljø og teknikk
- etikk, religion og filosofi
- nærmiljø og samfunn
- antal, rom og form

Vidare vektlegg rammeplanen samarbeid med foreldra og den er difor eit reiskap for foreldra til medverknad og medbestemming.

### **ÅRSPLAN**

Alle barnehagar er pålagt å utarbeide årsplan. Årsplanen skal gje informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, oppdragelse, leik og læring for å sikre barna gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nært samarbeid med foreldra. Årsplanen skal vere ein konkretisering av den einskilde barnehage sitt arbeid i høve Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen.

### **ADMINISTRATIV TILKNYTNING**

Dei kommunale barnehagane i Ål er tilknytta oppvekstsektoren. Sektorutval for oppvekst (SUO) er sektoren sitt politiske organ. All sakshandsaming til SUO vert førebudd ved oppvekstkontoret. Barnehageopptaket vert foreteke administrativt og SUO handsamar evt. klagar i eige klagesak. Styrar er arbeidsgjevar sin representant i den einskilde barnehage, og sektorleiar er styrar sin næraste overordna. Saker som styrar ikkje kan avgjere vert sendt vidare til sektorleiaren.

Dei private barnehagane er ikkje knytta til oppvekstsektoren på same måte. Eigar av barnehagen er ansvarleg for drifta og er styrar sin næraste overordna. Ål kommune har tilsynsmynde ovanfor dei private barnehagane og gjev kommunalt tilskot etter vedtekne retningslinjer. Dei kommunale og private barnehagane har samordna opptak og det vert lagt til rette for ein del felles aktivitetar.

Det er viktig at alle kjenner oppbygginga av strukturen slik at dei når fram med sine saker til rette vedkomande og dermed få hjelp så raskt som mogleg.

### **SAMARBEIDSUTVAL (SU) OG FORELDRERÅD**

Den einskilde barnehage har SU som det øvste organet i barnehagen. SU skal fyrst og fremst vere eit samarbeidsorgan mellom foreldra og barnehagen og ta seg av det indre livet i barnehagen. SU i dei kommunale barnehagane har representantar frå foreldra, dei tilsette og kommunen (politisk representant). SU i dei private barnehagane har representantar frå foreldra, dei tilsette og frå eigar av barnehagen.

Den einskilde barnehage har også eit foreldreråd. Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen og kan ha eigne møte der personalet ikkje er til stades. Det er Foreldrerådet som vel representantane til SU.

I tillegg kallar personalet inn til foreldremøte der dei tek opp saker dei vil drøfte eller informere foreldra om.

### **BETALINGSSATSAR**

Kommunestyret har vedteke fylgjande satsar:

- 5 dagars plass - kr 2 295,- pr. måned
- 4 dagars plass - kr 1 912,- pr. måned
- 3 dagars plass - kr 1 505,- pr. måned
- 2 dagars plass - kr 1 096,- pr. måned

Det vert gjeve 50 % syskenmoderasjon.

For brukarar som kan dokumentere ei samla nettoinntekt på under 2 G (p.t 145 762,-) etter siste likning, kostar ein heil barnehageplass kr 1 750,-. Likningsattestar må i så fall leggjast ved svar på tildelt barnehageplass. Krav om barnehagebetaling vert sendt ut 11 gonger i året.

Styrar i den einskilde barnehage avgjer om barnehagen skal tilby kjøp og/eller bytte av dag. Ved kjøp av dag kan dei som har deltids plass kjøpe ein-skilddagar dersom barnehagen har ledig kapasitet. Slike avtalar må gjerast med barnehagen på førehand. Kjøpedagar kostar kr 153,- pr. dag.

Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader, vert det sendt skriftleg varsel om oppseiing av plassen.

I tillegg kan barnehagane ha egne ”foredrekasser” som vert brukt til spesielle ordningar/aktivitetar.

## **ENDRING ELLER OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS**

Barnehageåret fylgjer skuleåret, og startar i midten av august og varar til midten av august neste år.

Ein tildelt barnehageplass kan endrast eller seiast opp dersom behovet endrar seg i løpet av året. Søknad om endring og oppseiing skal skje på elektronisk skjema. Dette skjemaet er å finne på [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no) eller du kan ta kontakt med Servictorget på Tingtugu eller barnehagen dersom de ikkje har tilgang til internett eller ynskjer hjelp til utfylling av søknaden.

Oppseiing av plass (heile eller delar av tildelt plass) vert rekna frå den 1. i månaden etter at den er motteken. Det er ikkje høve til å seie opp plassen innanfor eit barnehageår etter 1. april. Ein plass må difor seiast opp innan 1. april og barnet må takast ut av barnehagen innan 1. mai.

Ved hovudopptaket er oppseiingsfristen tre månader før den dato plassen skal takast i bruk. Dette gjeld for nye søkjarar, samt dei som har plass i barnehage i dag og som søker om utviding av plass. Vert plassen sagt opp seinare, må det betalast i oppseiingstida.

Dei private barnehagane kan ha andre fristar.

## **NY I BARNEHAGEN**

Målet for den fyrste tida i barnehagen er at barna skal finne seg til rette og bli trygge på sin nye kvardag så raskt som råd. Barnehagane ynskjer å ha eit nært samarbeid med foreldra i denne perioden. Det vil m.a bli gjort avtalar om kor lenge barna skal vera i barnehagen dei fyrste dagane og kor lenge foreldra bør vera saman med dei.

I samband med oppstart av nytt barnehageår, sender barnehagane ut informasjon om oppstartstidspunkt. Ved tildeling av plassar elles i året, ber me om at foreldra/føresette sjølv tek kontakt med barnehagen for å avtale eksakt oppstartstidspunkt.

## **FERIAR OG FRIDAGAR**

I romjula, påskeveke og i fellesferien (veke 29, 30, 31) vert det arrangert feriebarnehage. Den einskilde barnehage avgjer om det vert gjeve tilbod om feriebarnehage i eigen barnehage eller om det vert lagt til rette for samarbeid med andre barnehagar.

Alle barnehagane har stengt 5 planleggingsdagar kvart år. Desse dagane er spreidd utover i barnehageåret, og er, så langt det er råd, lagt saman med skulen sine planleggingsdagar. Barnehagane har også stengt juleeftan og nyttårseftan. Desse dagane er det ikkje tilbod om feriebarnehage. Onsdag før skjærtorsdag stenger feriebarnehagen kl 12.00.

Krav om barnehagebetaling vert sendt ut for 11 månader. Den 12. månaden er betalingsfri, og vert rekna som barna sin ferie. Dersom det ikkje vert teke ut ferie for barna, vert det pårekna ekstra betaling.

Fylgjande reglar for ferie gjeld:

1. Ferien skal vere planlagt og avtalt med barnehagen på førehand.
2. Ei heil ferieveke er det antal dagar barnet har barnehageplass.
3. Dei fire vekene treng ikkje takast i samanheng, men må vere heile veker.

4. Vel ein å ta ferie både jul og påske, vert dette rekna for ei ferieveke tilsaman.
5. Har ein teke fri berre jul eller påske, vert ikkje dette rekna for ferie.
6. Om barnet brukar barnehagen i oppsett ferieveke, vert denne veka ikkje rekna som ferie.

Dei private barnehagane kan ha andre ferieordningar.

## **HELSE OG SJUKDOM**

Alle barn som byrjar i barnehage skal levere helseerklæring på fastsett skjema til den barnehagen der barnet har fått plass. Barnehagane sender ut skjema før oppstarten av barnehageåret.

Barnehagane fylgjer retningslinjene frå Statens institutt for folkehelse når det gjeld sjukdom og korleis ein bør forhalde seg. Barnet må ha god almenntilstand, samt vere smittefri før det tek til att i barnehagen etter sjukdom. Dersom barnet har ein smittsam sjukdom, må barnehagen få melding om dette.

Dersom barnet grunna allergi eller andre tilhøve treng medisiner i barnehagetida, må det gjerast skriftlege avtalar med barnehagen om dette. Barnehagen gjev nærare informasjon om slike avtalar.

## **KOST**

Barna har med seg matpakke, men får mjølk i barnehagen. Nokre måltid vert også laga i barnehagen.

## **TEIEPLIKT**

Alle som arbeider i barnehagane har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova. Dette gjeld også evt. studentar, hospitantar, skuleelevar og lærlingar som har ein form for praksis i barnehagen.

## **TVERRFAGLEG TEAM**

Alle barnehagane har kvar sin kontaktperson på PPT-kontoret, i barnevernstenesta og på helsestasjonen. Desse kontaktpersonane har faste tverrfaglege møter med styrar og/eller dei pedagogiske leiarane i barnehagane. Her kan ulike problemstillingar drøftast. Målet med desse møta er å hjelpe barnehagen i saker der dei kjenner seg usikre. Foreldra skal informerast om, gje samtykke til og inviterast til møte når gruppa drøftar tilhøva omkring einskildbarn.

Det er også høve for foreldra å ta opp spørsmål i det tverrfaglege teamet. Dette kan ein gjere avtale om ved å ta kontakt med pedagogisk leiar eller styrar i eigen barnehage.

## **KONTANTSTØTTE**

Barn som mottok kontantstøtte og som søker barnehageplass, vil få ei avkorting i kontantstøtta etter kor stor barnehageplass barnet er tildelt. Dei føresette pliktar å gje melding til NAV kor stor barnehageplass barnet har. Kontakt NAV for meir informasjon.

## **VEDTEKTER**

Det er utarbeidd vedtekter for både dei kommunale og dei private barnehagane. Vidare fylgjer vedtektene for dei kommunale barnehagane. Vedtektene for dei private barnehagane er lagt ved til dei som har fått tildelt plass i privat barnehage. Andre som ynskjer vedtekter frå dei private barnehagane, kan ta kontakt med aktuell barnehage.

	<p align="center"><b>VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I ÅL</b></p> <p align="center">Vedteken av kommunestyret 19.02.04 (sak 18/04) Endra i sektorutvalet 24.01.06 (sak 3/06), 18.12.07 (sak 28/07), 24.06.08 (sak 15/08), 24.02.09 (sak 05/09) og 26.01.10 (sak 03/10).</p>
<b>§ 1 EIGAR</b>	Ål kommune er eigar av barnehagane.
<b>§ 2 FORVALTNING</b>	<p>Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar m.v. og dei forskrifter og retningslinjer departementet til ei kvar tid fastset for barnehagedrift. Likeeins i samsvar med kommunale vedtak og planverk for den einskilde barnehage.</p> <p>Sektorutvalet for oppvekst (SUO) er politisk fagutval for barnehagane i kommunen.</p> <p>Endring av vedtektene for dei kommunale barnehagane kan vedtakast av SUO. Større endringar og prinsipielle endringar skal leggjast fram for kommunestyret.</p>
<b>§ 3 FORMÅL OG INNHOLD</b>	<p>Barnehagane skal gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetmoglegheiter i nært samarbeid med heimen, jf. Lov om barnehagar § 1. Barnehagen forventar at foreldre/føresette møter til foreldresamtalar og elles tek del i andre aktivitetar som det vert lagt til rette for.</p> <p>Barnehagen skal hjelpe til med å gje barna ein oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdiar, jf. Lov om barnehagar § 1.</p> <p>Rammeplan for barnehagen gjev retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgaver, jf. Lov om barnehagar § 2.</p>
<b>§ 4 FORELDRERÅD OG SAMARBEIDS- UTVAL</b>	<p>Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU), jf. Lov om barnehagar § 4 og Lov om grunnskulen § 32, nr. 7.</p> <p>SU skal bestå av fylgjande medlemmer: to representantar frå foreldra, to representantar frå dei tilsette, ein representant frå eigar.</p>
<b>§ 5 GODKJENNING</b>	<p>Alle barnehagane er godkjent for barn i alderen 0 - 6 år.</p> <p>Arealnormene for leike- og opphaldsareal er 4 m<sup>2</sup> pr. barn over 3 år og 5,5 m<sup>2</sup> pr. barn under 3 år. Uteområdet skal vere seks gonger leike- og opphaldsarealet inne. Krava er å sjå på som minimumskrav. Administrasjonen vurderer ved kvart opptak den praktiske arealutnyttinga. Omsynet til t.d. barn med funksjonshemming og antal barn over og under 3 år skal vera med i ei slik vurdering.</p>
<b>§ 6 ÅPNINGSTID</b>	<p>Barnehagane skal drivast som heildagsbarnehagar 5 dagar i veka.</p> <p>Toavdelings barnehage skal minst ha ni timars åpningstid og seksavdelings barnehage skal ha minst ti timars åpningstid. Åpningstida skal fastsettast i samarbeid med brukarane.</p>
<b>§ 7 PLASSTILBOD</b>	<p>Det skal gjevast fylgjande tilbod om plass i dei kommunale barnehagane:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>foreldra kan velja mellom 2, 3, 4 eller 5 dagar pr. veke</li> <li>det må veljast faste dagar for heile året</li> <li>opptaket vert gjort etter gjeldande inntakskriterium (jf. § 11)</li> <li>styrar avgjer om det skal gjevast tilbod om kjøp eller byte av enkeltdagar</li> </ol>

<p><b>§ 8 OPPTAKSMYNDE</b></p>	<p>Opptaket skal handsamast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Avgjerdsrett som gjeld opptak av barn til barnehagane er delegert til sektorleiaren. SUO er klageinstans ved hovudopptaket.</p>
<p><b>§ 9 SØKNAD OM BARNEHAGE- PLASS</b></p>	<p>Det vert nytta elektronisk søknad i samband med søknad om barnehageplass.</p> <p>Fristen for å søkje om barnehageplass i samband med hovudopptaket er 1. mars, etter kunngjering i lokalpressa i februar månad.</p> <p>Det kan også søkjast om plass elles i året. Då vert plassar tildelt fortløpande etter venteliste om lag ein månad før den skal takast i bruk.</p>
<p><b>§ 10 BARNEHAGE- ÅR</b></p>	<p>Barnehageåret er eitt kalenderår og vert rekna frå skulestart i august. I samband med oppstart av det nye barnehageåret, må plasser for nye søkjarar takast i bruk innan utgangen av august. Barnehageplassen vert automatisk sagt opp når barnet byrjar på skulen.</p>
<p><b>§ 11 OPPTAKS- KRITERIUM</b></p>	<p>Dei som søkjer barnehageplass må vere busett i kommunen innan barnehageplassen vert teke i bruk.</p> <p>Følgjande kriterium skal leggjast til grunn ved opptak av barn til barnehageplass etter slik prioritet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er gjort vedtak om etter Lov om barnevernsteneste §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, jf Lov om barnehagar § 13. Det er krav om sakkunnig vurdering i høve nedsett funksjonsevne.</li> <li>2. Barn med spesielle behov for stimulering og miljøforandring og barn med spesielle behov for tilsyn grunna sjukdom. Begge tilhøve krev skriftleg uttale frå fagperson.</li> <li>3. Barn som er tildelt barnehageplass har rett til same tilbod påfølgjande år og vert ved ledig kapasitet prioritert ved søknad om endring.</li> <li>4. Barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har rett på plass frå august når det vert søkt innan fristen til hovudopptaket.</li> <li>5. Nye barn skal takast inn etter alder slik at dei eldste vert prioriterte.</li> </ol> <p>Ved fordeling av plassane til dei nye barna skal ein ved val av barnehage legge vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- foreldra sin prioritering av barnehage</li> <li>- nokolunde lik fordeling når det gjeld barn teke inn etter kriterium 1 og 2</li> <li>- ved rett til plass i barnehage skal barn som har sysken i barnehagen frå før prioriterast til plass i same barnehage</li> </ul>
<p><b>§ 12 OPPSEIING</b></p>	<p>Oppseiing av barnehageplass, også delar av ein plass, skal skje med ein månad varsel. Oppseiinga må vere skriftleg og vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteken.</p> <p>Det er to unntak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ved hovudopptak er oppseiingsfristen 3 månader for nye søkjarar, samt dei som søkjer om utviding av plass. Dette gjeld i perioden frå 1. april til det nye barnehageåret startar.</li> <li>- Det er ikkje høve til å seie opp ein plass innafor eit barnehageår etter 1. april. Plassen må seiast opp før 1. april og barnet må takast ut før 1. mai.</li> </ul> <p>Ved flytting eller dersom plasser kan tildelast andre søkjarar, har administrasjonen høve til å vurdere oppseiinga i kvart einskild tilfelle.</p>

<p><b>§ 13 BETALING</b></p>	<p>Sats for foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret etter gjeldande lover og forskrifter.</p> <p>Det vert sendt rekning for 11 månader. Juli er betalingsfri månad. Ein føreset at alle barn skal vere ute av barnehagen i minst 4 heile veker i løpet av året.</p> <p>Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.</p> <p>Føresette som gjentatte gonger ikkje hentar sine barn til rett tid, må etter ein skriftleg advarsel betale kr 100,- pr. påbegynt ½ time ved for sein henting.</p>
<p><b>§ 14 FERIE</b></p>	<p>Barnehagane er stengt jul, påske og i veke 29, 30 og 31. Barnehagane er også stengt julaften og nyttårsaften. Onsdag i påskeveka er det åpent til kl 12.00.</p> <p>Det er opp til den einskilde barnehage å avgjere om dei vil gje tilbod om feriebarnehage eller om dei vil samarbeide med andre barnehagar.</p>
<p><b>§ 15 PLANLEGGINGS- DAGAR</b></p>	<p>Barnehagane har 5 planleggingsdagar i året. På desse dagane har barnehagane stengt. Kvar barnehage avgjer dato for dagane, og bør så langt det er råd, leggje dei til skulane sine planleggingsdagar. Foreldra skal innformerast i god tid.</p>
<p><b>§ 16 NYNORSK</b></p>	<p>Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagane, jf. Ål kommune sin målbruksplan.</p>
<p><b>§ 17 POLITIATTEST</b></p>	<p>Dei som skal arbeide i barnehagane, må leggje fram tilfredsstillande politiattest. Attesten skal syne om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn, jf. Lov om barnehagar § 19 og Forskrift om politiattest i høve barnehagelova.</p>
<p><b>§ 18 TEIEPLIKT</b></p>	<p>Alle som arbeider i barnehagane har teieplikt etter forvaltningslova § 13. Dette gjeld også vikarar, lærlingar, studentar eller andre som er tilstades i barnehagen, jf. Lov om barnehagar § 20.</p>
<p><b>§ 19 OPPLYSNINGS- PLIKT</b></p>	<p>Alle som arbeider i barnehage skal vere merksam på tilhøve som kan føre til tiltak frå sosialtenesta og barnevernstenesta. Dei tilsette har opplysningsplikt i høve til dette, jf Lov om barnehagar §§ 21 og 22.</p>
<p><b>§ 20 HELSE- KONTROLL</b></p>	<p>Før eit barn byrjar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om helsa til barnet. Barnehagen sitt personale har plikt til å gjennomgå adekvat tuberkulosekontroll, jf. Lov om barnehagar § 23.</p>
<p><b>§ 21 INTERN- KONTROLL</b></p>	<p>Barnehagane er ein del av Ål kommune sitt internkontrollsystem.</p>

**Har du andre spørsmål? Ta kontakt med barnehagane eller oppvekstkontoret.  
Sjå også heimesida til Ål kommune: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)**

**ME YNSKJER DYKK VELKOMEN TIL BARNEHAGANE I ÅL!**